



Notat

Dato: 15.05.2014
Arkivsak: 2014/16523-1
Saksbehandlar: hanespe

Til: Kultur- og ressursutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Dialogkonferansen 2014 – invitasjon og program

Hordaland fylkeskommune arrangerer årlege konferansar for kommunane og frivillige organisasjonar i fylket. Målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Dialogkonferansen 2014 vert arrangert i Kvinnherad kommune 2. og 3. september 2014. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og kommuneplanleggarar i kommunane er primær målgruppe. I tillegg er også dei store regionale organisasjonane, som t.d. Hordaland idrettskrets, Bergen og Hordaland Turlag og friluftsråda representert.

Representantar frå Kvinnherad, Etne og Tysnes kommunar er med i programkomiteen for å få eit best mogleg samansett program i høve dei utfordringar kommunane står ovanfor innanfor fagfeltet. På programmet i år står mellom anna planlegging, arealbruk og aktivitetsanlegg i sentrum, førebygging, frisklivssentralar og andre aktuelle fagområde. I tillegg vert det synfaring på fleire små og store anlegg både for idrett og friluftsliv.

Invitasjon og førebels program ligg ved.

Det er ønskeleg at ein representant frå Kultur og ressursutvalet deltek på Dialogkonferansen 2014 med helsing frå utvalet tysdag 2. september, og er tilstade under heile samlinga. Kommunane har gitt særskild god tilbakemelding på slik deltaking tidlegare.